

Energi- og miljøkomiteen Stortinget
 Stortinget
 0026 OSLO

Deres ref
 MH/imv

Vår ref
 21/1022-

Dato
 12. april 2021

Representantforslag 174 S (2020-2021) om ein strategi for arbeidet med naturavtalen til FN

Eg viser til representantforslag frå stortingsrepresentantane Espen Barth Eide, Else-May Norderhus, Åsmund Aukrust, Ruth Grung og Runar Sjåstad om ein strategi for arbeidet med naturavtalen til FN.

Å hindre katastrofale naturøydeleggingar er nødvendig for å sikre velferda til komande generasjonar. Natur og klima er tett samanvovne. Det er i stor grad òg dei same drivarane som fører til klimaendringar og øydelegging av naturen. Kombinasjonen av klimaendringar og tapet av natur og økosystem kan gjere det vanskelegare å skaffe mat til eit veksande folketal på jorda i tida fram mot 2050. Noreg skal velje løysingar som er bra for både klima og naturen, og vi jobbar for det same internasjonalt. Ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning fremmer både berekraftig bruk og bevaring av økosistema. Forhandlingar om eit nytt globalt rammeverk for natur held no frem, med siktet på vedtak på partsmøtet COP15 i Kina, planlagt 11.-24. oktober 2021.

I Noreg har regjeringa ein heilskapleg og tverrsektoriell politikk for naturmangfold gjennom Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet*, norsk handlingsplan for naturmangfold (naturmangfoldmeldinga) og Stortinget si behandling av denne. Regjeringa har satt i verk mange tiltak for å bevare naturmangfold. Vi har mellom anna prioritert skogvern med nær ca. 3,3 milliardar kroner over 8 år. Seinast 19. mars i år verna vi 15 viktige skogområde, som alle var tilbod frå private skogeigarar om frivillig vern. Regjeringa har etablert ni nye marine verneområde i 2020 og vi følgjer opp Stortinget sitt vedtak om å leggje fram ein heilskapleg plan for marine verneområde. Vi har fremja ei Stortingsmelding for å styrkje innsatsen mot miljøkriminalitet, auka innsatsen mot framande skadelege artar med ein ny tiltaksplan på tvers av sektorar og etablert ei kvalitetsnorm for villrein. Vi har nyleg lagt fram ein heilskapleg

tiltaksplan for Oslofjorden i mars 2021, og tidlegare fastsett ein handlingsplan for forvaltning av verneområda. Regjeringa vedtok i fjar ein ny prioritert art og to nye utvalde naturtypar. Ei direktoratsgruppe har også utarbeida forslag til ein oppfølgingsplan for truga natur. Regjeringa har meir enn dobla talet på Utvalde kulturlandskap i jordbrukskulturen, til 46.

Noreg har høge ambisjonar for det nye globale rammeverket for natur og saka er høgt prioritert i regjeringa. Noreg var vertskap for Trondheimskonferansen i juli 2019 der *The Trondheim Call for Action* – eit opprop som forpliktar miljøministrar frå 11 land, inkludert Noreg, til å arbeide saman for å levere eit ambisiøst, sterkt, praktisk og effektivt rammeverk for natur. Noreg bidreg òg med finansiering til forhandlingsprosessen. Regnskogssatsinga utgjer Noregs viktigaste og største bidrag til bevaring av naturmangfold globalt, og vi ser regnskogssatsinga i samanheng med forhandlingane. Biomangfold-toppmøtet under Hovudforsamlinga til FN i september 2020, kor blant anna statsministeren tok del, var ein viktig milestein. Statsminister Solberg slutta seg til "Leaders Pledge for Nature", som i ettertid har fått oppslutning frå kring 80 land. One-planet Summit i regi av Frankrike sin president Macron samla i januar 2021 ei rekke statsleiarar til diskusjon om finansiering av innsats for naturmangfold. Statsminister Erna Solberg deltok her saman med blant anna den kanadiske statsministeren Justin Trudeau og den britiske statsministeren Boris Johnson.

Eg ventar at naturmangfold vil inngå på agendaen under G7-møta i juni der Storbritannia er vertskap. Storbritannia er òg vertskap for partsmøtet COP26 i Glasgow under klimakonvensjonen og har vald kopplingar mellom klima og natur som eitt av fleire hovudtema. Dei har lagt ein tydeleg strategi om å støtte opp om forhandlingane og utfall frå COP15 i Kina. COP26 vil bli arrangert omkring ein månad etter COP15. FN sitt toppmøte om matsystem finn stad i New York i september 2021. Toppmøtet har fem handlingsspor som skal arbeide fram forslag til løysingar for å gjere dei globale matsistema meir berekraftige. Noreg følgjer spesielt spor 1 om trygg og sunn mat til alle og spor 3 om naturpositiv produksjon.

Arbeidet med det nye rammeverket for natur må ikkje stoppe opp sjølv om verda står i ein utfordrande helsemessig og økonomisk situasjon. Noreg er derfor pådrivar for forhandlingar på nett, for å halde tempo og driv oppe. Eg er særleg opptatt av at arbeidet i arbeidsgruppa som lagar utkastet til det nye rammeverket får halde fram slik at vi får eit godt utgangspunkt for vedtak på COP15 i Kina. Det planleggjast òg møte i komiteane for vitskap og gjennomføring. Eg ventar at dei som ledar arbeidsgruppa vil leggje fram det første formelle utkastet til nytt rammeverk før sommaren. Eg meiner at høgste prioriteten må vere å arbeide for eit best mogleg resultat i forhandlingane. Eit godt resultat inneber både ambisiøse mål og retningslinjer for oppfølging og rapportering av landa sin innsats.

Å lage ein plan for korleis Noreg skal nå dei nye globale måla etter at forhandlingane er avslutta synast eg kan vere ein god idé. Gjennomføring av politikken i naturmangfaldmeldinga og Stortingets behandling av denne vil hjelpe oss eit godt stykke på veg mot gjennomføringa av eit nytt globalt rammeverk. Samtidig må vi, etter at det nye

rammeverket er vedtatt, gjere opp status og vurdere behov for nye grep og tiltak tilpassa utfordringar i Noreg og for å oppnå måla i det nye rammeverket.

Det er viktig at alle sektorar i samfunnet tek del i eit slikt arbeid for å sikre tilstrekkeleg forankring og koordinering. Det vil vere naudsynt med innspelsmøte der frivillige organisasjonar kan gje sine syn i saka. Sametinget skal òg kunne bidra med sitt perspektiv. Klima- og miljødepartementet arbeider tett med aktuelle departement i forhandlingane, og vil òg gjere det i arbeidet med å gjennomføre rammeverket.

Det er ei viss risiko for at COP 15 kan bli utsett av helsemessige grunnar. Ei utsetjing kan ha konsekvensar for når vi kan starte opp med ein plan for oppfølging. Det er òg slik at statane bør bli samde om når dei seinast skal bli ferdig med oppdaterte planar for oppfølging slik at innsatsen for naturmangfold samkøyrast, slik Noreg har foreslått i forhandlingane, jf. submission frå Noreg til konvensjonen av biologisk mangfald av 6.juli 2020. Noreg har her lagt til grunn at planane bør lagast eller oppdaterast innan 2023.

Vurderinga mi er at ein plan for oppfølging bør ferdigstilla så raskt råd er etter at rammeverket for natur er på plass.

Med hilsen

Sveinung Rotevatn

